



Bruvoll Camping
Hundvinveien 10
5956 HUNDEVIN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1875 - 16/16673

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

17.06.2016

Avslag på søknad om dispensasjon frå tekniske krav - gbnr 55/35 Bruvoll

Administrativt vedtak. Saknr: 296/16

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå tekniske krav. Det er søkt om dispensasjon i brev av 11.05.2016 med slik grunngeving:

Vi søker med dette om dispensasjon fra bestemmelsene i TEK10 kapittel 13, vedrørende ventilasjon. I tillegg søker vi om fritak fra TEK10 kapittel 14 energi.

Omsøkte tiltak er utleiehytter på en campingplass. Hyttene vert ikke nytta om vinteren då det ikke er grunnlag for det. Hyttene blir følgelig brukt i korte perioder, og ikke i den kalde årstiden.

Når det gjelder ventilasjon er hyttene utstyrt med elektrisk avtrekk fra baderom og kjøkken. For øvrig er det spalteventiler i vinduskarmene.

I forhold til bruken, mener vi at dette er tilpasset rommenes forurensnings- og fuktbelastning.

Bygget tilfredsstillar ikke kravene som er satt til energibruk i TEK10. Ettersom hyttene kun er i bruk i den varmeste tiden av året, vil vi hevde at den faktiske besparelsen i energibruk ved å tilpasse bygget til TEK10 vil være fraværende eller helt minimal.

Kostnaden ved å gjøre bygningsmessige endringer for å tilpasse byggene til TEK10 vil være uforholdsmessig store i forhold til en mulig energibesparelse.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Søknaden synes i all hovudsak å ha same innhald som i motteken søknad om «fritak» datert 07.09.2016. Kommunen har tidlegare svart ved brev av 29.09.2015 at «Lindås kommune gir ikkje unntak for tekniske krav ved oppføring av nye bygg.»

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Samtale med utførande

Utførande har tidlegare opplyst at bygningen er oppført utan at det er utarbeidd arbeidsteikningar, og at kravet til tetthet heller ikkje er stetta. Avvika synes soleis å ha sitt utgangspunkt i manglande prosjektering.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Krava som er innført i TEK 10 er grunngjeve i å betre kvaliteten i bygg. Bygningen er på søknadstidspunktet for dispensasjon oppført utan at krava i TEK 10 er stetta. Ut frå eit samfunnsøkonomisk synspunkt kan nokon meine det er lite hensiktsmessig å rette avvik som ligg føre som i dette tilfelle, sett i forhold til det ein oppnår av betre innemiljø og energieffektivitet. Slike samfunnsøkonomiske betrakningar kan dog ikkje vektleggast.

Det kan heller ikkje leggast vekt på at gjennomføring av krava i forskrifta vil medføre praktiske vanskar og økonomiske konsekvensar. Etterhåndssøknader må handsamast som om tiltaket enda ikkje er gjennomført, og merkostnader ved å oppfylle krava i ettertid, kan ikkje vektleggast som ei ulempe.

Det er viktig for å skape tillit til regelverket og det ikkje skal vere lønnsamt å bygge i strid med reglane. Også ålmennpreventive omsyn talar for ei praktisering.

Det er her ikkje påvist relevante, klare og positive fordelar.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå TEK10 kap. 13 og kap. 14 ikkje er stetta.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå TEK10 kap. 13 og 14 for oppføring av fritidsbustad med to brukseiningar.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1875

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Bruvoll Camping

Hundvinveien 10 5956

HUNDVIN